



*sparebanken
sogn og fjordane*



Kvartalsrapport

4. kvartal 2022 (ikkje revidert)

Innhald

| | |
|----|---|
| 3 | Hovudtal konsern |
| 4 | Kvartalsrapport 31.12.2022 |
| 10 | Resultatrekneskap konsern |
| 11 | Balanse konsern |
| 12 | Kontantstraumoppstilling konsern |
| 13 | Eigenkapitaloppstilling, konsern |
| 15 | Notar |
| 30 | Erklæring frå styret og adm. direktør |
| 31 | Resultatrekneskap morbank |
| 32 | Balanse morbank |
| 33 | Resultatrekneskap konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital |
| 34 | Kvartalsvis resultatutvikling konsern |
| 35 | Kvartalvis resultatutvikling konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital |
| 36 | Kontaktinfo SSF |

BILETE PÅ FRAMSIDA: Michaela Klouda

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

Hovudtal konsern

TAL I MILL. KR.

| | | |
|--|-----------------|-----------------|
| RESULTATREKNESKAP | 31.12.22 | 31.12.21 |
| Netto renteinntekter | 1 148 | 945 |
| Utbytte og verdiendring på finansielle instrument | 0 | 173 |
| Andre driftsinntekter | 166 | 157 |
| Driftskostnader | 499 | 483 |
| Resultat før nedskrivning (inkl. verdipapir) | 815 | 791 |
| Resultat før nedskrivning (ekskl. verdipapir) | 815 | 618 |
| Nedskrivning på utlån og garantiar | 36 | - 37 |
| Resultat før skatt | 779 | 827 |
| Skatt | 177 | 161 |
| Resultat etter skatt | 602 | 666 |
| Andre innrekna inntekter og kostnader | 0 | 0 |
| Totalresultat | 602 | 666 |
| BALANSE | | |
| Eigedelar | | |
| Brutto utlån til og krav på kundar | 61 498 | 57 651 |
| Nedskrivning på utlån | - 314 | - 307 |
| Verdipapirplasseringar (aksjar, sertifikat og obligasjonar) | 8 225 | 7 368 |
| Gjeld og egenkapital | | |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 34 846 | 32 536 |
| Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar | 27 673 | 25 835 |
| Eigenkapital | 6 645 | 6 249 |
| Forvaltningskapital | 70 824 | 65 808 |
| Gjennomsnittleg forvaltningskapital | 68 515 | 64 604 |
| NØKKELTAL | | |
| Lønsemd | | |
| Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital | 1,67 % | 1,46 % |
| Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap. | 0,24 % | 0,24 % |
| Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital | 0,73 % | 0,75 % |
| Resultat før nedskrivning i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital | 1,19 % | 1,22 % |
| Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital | 1,14 % | 1,28 % |
| Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital | 0,88 % | 1,03 % |
| Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital | 0,88 % | 1,03 % |
| Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument | 37,99 % | 43,87 % |
| Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument | 37,98 % | 37,93 % |
| Nedskrivning i % av brutto utlån (resultatført) | 0,06 % | - 0,06 % |
| Eigenkapitalavkastning før skatt 1) | 13,21 % | 15,38 % |
| Eigenkapitalavkastning etter skatt 1) | 10,21 % | 12,39 % |
| Eigenkapitalavkastning totalresultat 1) | 10,21 % | 12,39 % |
| Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr | 26,98 | 29,91 |
| Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr | 12,00 | 9,00 |
| <i>1) EK avkastninga er rekna av inng. EK ekskl. hybridkapital</i> | | |
| Soliditet og likviditet | | |
| Kapitaldekningsprosent | 20,15 % | 19,44 % |
| Kjernekapitalprosent | 18,39 % | 17,66 % |
| Rein kjernekapitalprosent | 17,36 % | 16,62 % |
| Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio) | 8,65 % | 8,86 % |
| LCR (Likviditetsindikator) | 165 % | 140 % |
| NSFR konsern | 122 % | |
| NSFR morbank | 140 % | |
| Balanseutvikling | | |
| Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.) | 7,62 % | 5,02 % |
| Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.) | 6,67 % | 5,04 % |
| Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.) | 7,10 % | 6,10 % |
| Innskot i % av brutto utlån konsern | 56,66 % | 56,44 % |
| Innskot i % av brutto utlån morbank | 104,80 % | 94,84 % |
| Tilsette | | |
| Årsverk | 283 | 273 |

Kvartalsrapport 31.12.2022

Alle tal som er kommenterte gjeld for konsernet, om ikkje anna er oppgitt. Tal i parentes er tal for 2021.

Hovudlinjer 4. kvartal 2022 isolert

- Netto renteinntekter 332 mill. kr (250 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 1 mill. kr (63 mill. kr)
- Driftskostnader 128 mill. kr (123 mill. kr)
- Tap på utlån 30 mill. kr (1 mill. kr)
- Resultat etter skatt 169 mill. kr (196 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning 11,0 % (13,7 %)

Hovudlinjer pr. 4. kvartal 2022 hittil i år


- Netto renteinntekter 1.148 mill. kr (945 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 0 mill. kr (173 mill. kr)
- Driftskostnader 499 mill. kr (483 mill. kr)
- Tap på utlån 36 mill. kr (inntektsført 37 mill. kr)
- Resultat etter skatt 602 mill. kr (666 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning 10,2 % (12,4 %)
- Kapitaldekningsprosent 20,2 % (19,4 %)

Resultat 4. kvartal isolert


Resultatet før skatt er på 220 mill. kr, mot 231 mill. kr for same kvartal i 2021. Nedgangen skuldast i hovudsak lågare resultat frå finansielle instrument i 4. kvartal 2022, mot eit spesielt godt resultat for 4. kvartal året før. Vidare er det i 4. kvartal 2022 ført 30 mill. kr i netto tapskostnader, medan det i 4. kvartal 2021 var tapskostnader på 1 mill. kr. Det er elles god framgang i netto renteinntekter og i provisjonsinntektene. Samtidig er det ein liten auke i driftskostnadene i forhold til i 4. kvartal 2021.

Resultatet etter skatt for 4. kvartal er på 169 mill. kr, mot 196 mill. kr for same kvartal i fjor. Resultatet for 4. kvartal i år gir ei eigenkapitalavkastning på 11,0 % mot 13,7 % for same kvartal i 2021.

Graf resultat etter skatt i mill. kr kvartalsvis:




EK-avkastning etter skatt kvartalsvis:



Netto renteinntekter 4. kvartal isolert


Netto renteinntekter er på 332 mill. kr og er 82 mill. kr, eller 33 %, betre enn for same kvartal i 2021. Utlånsveksten dei siste 12 månadene er på 6,7 %, og innskota har auka med 7,1 %. Auka kundemargin og vekst i innskot og utlån, har bidratt til fin vekst i netto renteinntekter. Fundingkostnadene for verdipapirgjelda er vesentleg høgare enn for 4. kvartal 2021, på grunn av oppgang i 3 mnd. Nibor, og dette har påverka rentenettoen negativt isolert sett. Banken har varsla ny renteoppgang for lån og innskot som enno ikkje har fått effekt. Samla effekt på netto renteinntekter vil avhenge av utviklinga i 3 mnd. Nibor.

Graf rentenetto i mill. kr kvartalsvis:



Grafen nedanfor, viser rentenettoen målt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For 4. kvartal 2022 er rentenettoen på 1,86 %, og er opp 0,34 prosentpoeng frå 4. kvartal 2021. Marginen for 4. kvartal 2021 var spesielt låg.

Graf rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital:




Netto andre driftsinntekter 4. kvartal isolert

Netto andre driftsinntekter for 4. kvartal er på 47 mill. kr, mot 105 mill. kr i 4. kvartal året før. Nedgangen i resultatet skuldast eit godt resultat frå finansielle instrument i 4. kvartal 2021 med 63 mill. kr, medan det er eit resultat på 1 mill. kr for 4. kvartal 2022. Resultatnedgangen skuldast primært lågare resultat frå aksjar. I 4. kvartal 2022 var det eit resultat frå aksjar på 11 mill. kr, mot 75 mill. kr for tilsvarende kvartal året før. Det er elles eit negativt resultat på 14 mill. kr for 4. kvartal 2022 frå verdiendring i finansielle instrument (rentepostar) mot 16 mill. kr i negativt resultat for 4. kvartal 2021.

Andre inntekter, ekskl. resultat frå finansielle investeringar, er på 46 mill. kr og er 4 mill. kr høgare enn for 4. kvartal 2021. Auken skuldast høgare inntekter frå spesielt betalingsformidling og forsikring. Banken har lukkast godt med sal av forsikringar gjennom Frende-samarbeidet.

Graf andre inntekter og inntekter frå finansielle investeringar i mill. kr kvartalsvis:




Driftskostnader 4. kvartal isolert

Driftskostnadene for 4. kvartal er på 128 mill. kr og er 5 mill. kr, eller 4,4 %, høgare enn for 4. kvartal 2021.

Auken skuldast primært høgare personal- og IT-kostnader, inkludert kostnader knytt til strategiske fellesprosjekt i Frende-samarbeidet.


Fleire kostnadspostar er redusert, men samtidig aukar ein del kostnader på grunn av lønsvekst, fleire tilsette, prisstigning og generelt høg aktivitet. Vidare så var ein del av kostnadene i 4. kvartal 2021 spesielt låge grunna koronasituasjonen, som til dømes reisekostnader.

Graf driftskostnader i mill. kr kvartalsvis:




Driftskostnadene utgjør 0,73 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 0,75 % for 4. kvartal året før.

Kostnadsprosenten, inkludert resultatet frå finansielle instrument, er på 33,9 mot 34,7 for 4. kvartal 2021.



Ettersom resultat frå finansielle instrument varierer over tid, gir kostnadsprosenten, eksklusiv resultatet frå finansielle instrument, eit betre uttrykk for utviklinga i kostnadseffektiviteten. Kostnadsprosenten viser fin utvikling og er på 34,0 mot 42,1 på same tid i fjor.


Graf kostnadsprosent ekskl. resultat finansielle instrument kvartalsvis:



Nedskrivningar 4. kvartal isolert

Netto tap på utlån og garantiar er på 30 mill. kr, mot 1 mill. kr for 4. kvartal 2021. Av auken i 4. kvartal 2022, så skuldast 29 mill. kr høgare modellbasert tapsavsetning, primært fordi det er tatt høgde for høgare sannsyn for tap i enkelte næringer, og fallande prisar i bustadmarknaden og for nærings-eigedomar. Tap relatert til individuelt vurderte engasjement er om lag uendra i 4. kvartal 2022.

Graf resultatført nedskrivning i mill. kr kvartalsvis:



For nærmare forklaring sjå note 5 og 6.

Netto renteinntekter for året

Netto renteinntekter er på 1.148 mill. kr og har auka med 203 mill. kr, eller 21,5 %, frå same periode i fjor. Kundemarginen er høgare enn året før og det har vore god vekst i utlån og innskot frå kundar. Samtidig er fundingkostnadene vesentleg auka på grunn av oppgang i 3 mnd. Nibor. Totalt sett er det fin utvikling i netto renteinntekter, i forhold til året før.

Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,67 % mot 1,46 % for 2021. Rentenettoen var spesielt låg i 2021.

Netto andre driftsinntekter for året

Netto andre driftsinntekter er på 167 mill. kr, mot 329 mill. kr for 2021.

Nedgangen i netto andre driftsinntekter skuldast at resultatet frå finansielle instrument er tilnærma 0 mill. kr for 2022, mot 173 mill. kr for 2021. Av

resultatet for 2022, kjem 55 mill. kr frå langsiktige aksjeplasseringar, mot tilsvarende 152 mill. kr for 2021. For 2022 er det eit negativt resultat på netto 69 mill. relatert til verdiendring frå finansielle instrument (rentepostar) mot eit positivt resultat for året før på 5 mill. kr. Det negative resultatet i år har samanheng med stor endring i marknadsrentene. For nærare forklaring sjå note 3.

Netto provisjonsinntekter og andre inntekter (ekskl. resultat frå vinst/tap frå finansielle instrument) er på 166 mill. kr og har auka med 10 mill. kr, eller 6,2 %, samanlikna med tala for 2021. Det er fin vekst i inntekter frå betalingsformidling og sal av forsikring, medan inntekter frå eigedoms-mekling er redusert

Driftskostnader for året

Driftskostnadene er på 499 mill. kr og har auka med 16 mill. kr, eller 3,3 %, i forhold til året før.

Veksten i kostnadene er påverka av spesielle postar både i tala for i år og i fjor. I tala for 2021 var det gjort avsetningar til m.a. sluttvederlag og i 2022 er det utgiftsført kostnader relatert til innføring av ei EK-bevisordning for tilsette. Vidare er det i 2022 ført ein netto vinst ved sal av eigedomar på 5,6 mill. kr, mot eit tap på 1,6 mill. kr året før. Justert for desse spesielle postane er det ein kostnadsvekst på 5,9 % frå året før.

Det er spesielt IT-kostnadene og personal-kostnadene som har auka frå 2021. Generell løns- og prisvekst har medført auka kostnader og i tillegg har tal årsverk auka med 10, eller 3,7 %, gjennom året. Strategiske fellesprosjekt gjennom Frende-samarbeidet er også med og forklarar noko av kostnadsauken. Enkelte kostnader var dessutan spesielt låge i 2021, som til dømes reisekostnader på grunn av koronasituasjonen.

Driftskostnadene utgjer 0,73 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 0,75 % året før.

Inkludert resultatet frå finansielle instrument er kostnadsprosenten 38,0, mot 37,9 for 2021.

Eksklusiv resultatet frå finansielle instrument, er kostnadsprosenten 38,0, mot 43,9 for 2021

Nedskrivning på utlån og garantiar for året

Resultatførte nedskrivningar for 2022 er på 36 mill. kr. For 2021 var det ei tilbakeføring/inntektsføring av tap på 37 mill. kr, så skilnaden i forhold til 2021 er stor. Nedskrivningane for 2022 er likevel låge med 0,06 % av brutto utlån.

Samla nedskrivningar på utlån, garantiar og unytta kredittar pr. 31.12.22 er på 334 mill. kr mot 322 mill. kr pr. 31.12.21. Av nedskrivningane pr. 31.12.22, er 314 mill. kr relaterte til utlån. Dette utgjer 0,51 % av brutto utlån, mot 307 mill. kr og 0,53 % eitt år tidlegare. Det har vore positiv utvikling for enkeltengasjement i 2022, men samstundes er modellnedskrivningane auka med bakgrunn i makrosituasjonen.


Balansen

Konsernet har ein forvaltningskapital på 70,8 mrd. kr pr. 31.12.22. Forvaltningskapitalen har auka med 5,0 mrd. kr, eller 7,6 %, dei siste 12 månadene. Auken i forvaltningskapitalen skuldast primært god vekst i utlån til kundar og auka likviditetsreserve i form av sertifikat og obligasjonar.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar er på 61,5 mrd. kr. Veksten det siste året er på 3,8 mrd. kr eller 6,7 %.

Graf brutto utlån i mill. kr totalt og fordelt på sektorar:




Dei siste 12 månadene har utlån til privatmarknaden (PM) auka med 6,3 % og utlån til bedriftsmarknaden (BM) (inkl. utlån til offentleg og finansiell sektor) med 7,9 %.

Innskot

Innskot frå kundar er på 34,7 mrd. kr. Veksten dei siste 12 månadane er på 2,3 mrd. kr, eller 7,1 %.

Graf innskot i mill. kr totalt og fordelt på sektorar:



Dei siste 12 månadene har innskot frå privatmarknaden auka med 3,5 % og innskot frå bedriftsmarknaden (inkl. offentleg og finansiell sektor) med 12,9 %.

Innskotsdekninga for konsernet er på 56,7 %, mot 56,4 % pr. 31.12.21.

Kredittrisiko

Brutto lån og garantiar mv. i betalingsmisleghald, over 90 dagar, er på 139 mill. kr, og er redusert med 3 mill. kr i forhold til tala pr. 31.12.21.

Kredittrisikoen på privatmarknaden er framleis vurdert som låg, men den er litt stigande. Høgare renter og høg generell prisvekst syner att i kundane sin likviditet, og banken har mottatt fleire søknader om avdragsfritak og forlenga løpetid på lån enn tidlegare. På sikt ventar vi litt auke i betalingsproblema, men det er vår vurdering at banken sine kundar generelt har god betalingsevne.

Næringslivet i Sogn og Fjordane er robust og banken sin kredittrisiko på bedriftsmarknaden vert vurdert som moderat. Høgare renter og kraftig prisvekst vil også ha negativ innverknad på næringslivet. Førebels er aktiviteten god, men det kan på sikt bli ein reduksjon i investeringane.

Andelen utlån til bedriftsmarknaden av samla utlån utgjer 24,8 % pr. 31.12.22, mot 24,5 % eitt år tidlegare.

Behovet for ansvarleg kapital knytt til kredittrisiko er på 2.533 mill. kr og har auka med 29 mill. kr frå 31.12.21.

Likviditet og finansiering

Banken har fokus på innskotsdekning, likviditetsreserve og forfallsstruktur på funding i styringa av likviditeten. Likviditetsreserven er på 8,2 mrd. kr pr. 31.12.22. Likviditetsreserven er plassert i kortsiktige innskot i Norges Bank, i andre bankar og i fritt omsettelege obligasjonar/sertifikat. Likviditetsindikatoren (LCR) er på eit tilfredsstillande nivå med 165 %, mot 140 % eitt år tidlegare.

Banken nyttar bustadlån til å legge ut obligasjonar med førerrett (OMF) gjennom det heileigde dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Bustadkreditselskapet har pr. 31.12.22 OMF-innlån pålydande 21,4 mrd. kr ute i marknaden. Bustadkreditselskapet har ein samla sikringsmasse på 27,6 mrd. kr. Det er pr. 31.12.22 ei overdekning av sikringsmasse i selskapet på 6,2 mrd. kr.

Dotterselskap

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Selskapet har pr. 31.12.22 samla utlån på 27,9 mrd. kr, og utlåna har auka med 19,9 % dei siste 12 månadene. Eigenkapitalen i selskapet er på 2,3 mrd. kr. Selskapet har eit resultat før skatt på 153 mill. kr, mot 234 mill. kr for 2021. Resultatnedgangen skuldast primært lågare netto renteinntekter på grunn av høgare vekst i fundingkostnadene enn i renteinntektene frå kundar.

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og eig dei største bankbygga i konsernet. Resultatet før skatt er på 14,5 mill. kr for 2022, mot 5,3 mill. kr for 2021. Resultatoppgangen skuldast vinst ved sal av ein eigedom.

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Driftsinntektene er på 30 mill. kr, og er 3 mill. kr lågare enn året før. Resultatet før skatt er negativt med 2,7 mill. kr for 2022, mot eit positivt resultat på 1,9 mill. kr for 2021.


Soliditet og avkastning

Eigenkapitalen til konsernet pr. 31.12.22 er på 6,6 mrd. kr og har auka med 396 mill. kr, eller 6,3 %, samanlikna med tala pr. 31.12.21. Auken kjem frå resultatet, for det siste året, med frådrag av utbytte og gåver.

Konsernet har ei kapitaldekning pr. 31.12.22 på 20,15 % mot 19,44 % pr. 31.12.21. Rein kjernekapitaldekning er på 17,36 % mot 16,62 % pr. 31.12.21.

Resultatet etter skatt for 2022 er på 602 mill. kr mot 666 mill. kr for 2021. Dette gir ei eigenkapitalavkastning på 10,2 %, mot 12,4 % for 2021. Sparebanken Sogn og Fjordane har over tid hatt ein tilfredsstillande eigenkapitalavkastning. Styret er nøgd med resultatet og avkastninga.

Graf resultat etter skatt i mill. kr og eigenkapitalavkastning i prosent pr. år:



Rating

Sparebanken Sogn og Fjordane har pr. 31.12.22 langsiktig rating A1 frå Moody's. OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane har langsiktig rating Aaa.

Oppsummering

Resultatet etter skatt for 4. kvartal 2022 er på 169 mill. kr, mot 196 mill. kr for 4. kvartal i fjor. Resultatet er godt, men lågare enn for 4. kvartal i fjor. Resultatnedgangen skuldast primært lågare resultat frå finansielle instrument og høgare tap på utlån enn i 4. kvartal 2021, i tillegg til ein auke i driftskostnadene. Det er elles god vekst i netto renteinntekter og i provisjonsinntektene. Eigenkapitalavkastninga for kvartalet er på 11,0 %, mot 13,7 % for 4. kvartal 2021.

Resultatet etter skatt for 2022 er på 602 mill. kr, mot 666 mill. kr for 2021. Dette gir ei eigenkapitalavkastning på 10,2 %, mot 12,4 % året før. Samla utlansvekst, dei siste 12 månadene, er på 6,7 % og

innskota har auka med 7,1 %. Netto renteinntekter er den viktigaste inntektskjelda og tala viser fin oppgang med 21,5 %. Driftskostnadene har samtidig auka. Kostnadsprosenten for 2022, ekskl. resultat frå finansielle instrument, er på 38,0 mot 43,9 for 2021. Banken har hatt god effekt av eit kostnadsprosjekt, som vart etablert i 2020, og har ei kostnadseffektiv drift. Som forventa har kostnadene auka i 2022 på grunn av generell lønsvekst, prisstigning, høg aktivitet og strategiske fellesprosjekt i Frende-samarbeidet.

Kapitaldekninga pr. 31.12.22 er på 20,2 % og rein kjernekapitaldekning er på 17,4 %.

Banken har god kapitaldekning, ein solid marknadsposisjon i Sogn og Fjordane og ein god vekst i privatmarknaden utanfor Sogn og Fjordane.

Utsiktene vart meir usikre gjennom 2022 på grunn av krigen i Ukraina, sterk renteoppgang og høg generell prisstigning. Det er vår oppfatning at kundane til banken har eit bra utgangspunkt til å takle auka renter og høgare prisar, men samtidig må vi vere budde på at enkelte kundar kan få utfordringar framover.

Styret er svært godt nøgd med banken si resultatutvikling, og meiner at konsernet har eit godt grunnlag for vidare vekst og utvikling.

Førde, 13.02.2023

Sindre Kvalheim
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Lise Mari Haugen

Marie Heieren

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Resultatrekneskap konsern

| TAL I MILL. KRONER | Note | 4. kvartal 2022 | 4. kvartal 2021 | 2022 | 2021 |
|---|----------|--------------------|--------------------|--------------|--------------|
| Renteinntekter | | 737 | 380 | 2 176 | 1 420 |
| Rentekostnader | | 406 | 130 | 1 029 | 476 |
| Netto renteinntekter | | 332 | 250 | 1 148 | 945 |
| Provisjonsinntekter | | 47 | 43 | 166 | 149 |
| Provisjonskostnader | | 8 | 8 | 31 | 28 |
| Netto vinst på finansielle instrument | | 1 | 63 | 0 | 173 |
| Andre inntekter | | 7 | 7 | 31 | 36 |
| Netto andre driftsinntekter | 3 | 47 | 105 | 167 | 329 |
| Sum inntekter | | 379 | 355 | 1 314 | 1 274 |
| Lønn og andre personalkostnader | | 75 | 68 | 276 | 263 |
| Andre kostnader | | 53 | 47 | 199 | 182 |
| Av- og nedskrivning, verdiendring og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar | | 1 | 9 | 24 | 39 |
| Sum driftskostnader | | 128 | 123 | 499 | 483 |
| Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar | | 250 | 232 | 815 | 791 |
| Nedskrivning på utlån og garantiar | 4 | 30 | 1 | 36 | - 37 |
| Resultat før skatt | | 220 | 231 | 779 | 827 |
| Skattekostnad | | 51 | 35 | 177 | 161 |
| Resultat for perioden | | 169 | 196 | 602 | 666 |
| UTVIDA RESULTATREKNESKAP | | | | | |
| Resultat for perioden | | 169 | 196 | 602 | 666 |
| Andre innrekna inntekter og kostnader | | | | | |
| Andre resultatelement som ikkje kan bli reklassifisert til resultat, etter skatt | | | | | |
| Estimatavvik pensjon | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Totalresultat | | 169 | 196 | 602 | 666 |
| Totalresultat pr. eigenkapitalbevis (vekta) i heile kr | | 7,57 | 8,78 | 26,98 | 29,91 |

Balanse konsern

TAL I MILL. KRONER

| | Note | 31.12.22 | 31.12.21 |
|---|----------------|---------------|---------------|
| EIGEDELAR | | | |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | 19 | 22 |
| Utlån til og krav på kredittinstitusjonar/sentralbankar | 13 | 714 | 717 |
| Utlån til kundar | 4-7, 13 | 61 184 | 57 344 |
| Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi | | 7 467 | 6 603 |
| Finansielle derivat | | 375 | 185 |
| Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning | | 758 | 765 |
| Investering i tilknytt selskap | | 3 | 3 |
| Immaterielle eigedelar og goodwill | | 16 | 26 |
| Varige driftsmidlar | | 88 | 92 |
| Utsett skattefordel | | 20 | 11 |
| Andre eigedelar | | 180 | 40 |
| Sum eigedelar | | 70 824 | 65 808 |
| GJELD OG EIGENKAPITAL | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 13 | 504 | 500 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 8, 13 | 34 846 | 32 536 |
| Verdipapirgjeld | 9, 13 | 27 169 | 25 335 |
| Finansielle derivat | | 612 | 121 |
| Betalbar skatt | | 187 | 172 |
| Anna gjeld og avsetningar | | 258 | 294 |
| Ansvarleg lånekapital | | 603 | 602 |
| Sum gjeld | | 64 179 | 59 559 |
| Eigarandelskapital | 12 | 4 650 | 4 416 |
| Grunnfondskapital | | 700 | 645 |
| Annan eigenkapital | | 696 | 650 |
| Hybridkapital | | 350 | 350 |
| Foreslått avsett til utbytte og gåver | | 248 | 187 |
| Sum eigenkapital | | 6 645 | 6 249 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | 70 824 | 65 808 |

Førde, 13.02.2023

Sindre Kvalheim
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Lise Mari Haugen

Marie Heieren

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Kontantstraumoppstilling konsern

| | 31.12.22 | 31.12.21 |
|--|----------------|--------------|
| Resultat før skatt | 779 | 827 |
| Auke/(reduksjon) i innskot frå kundar | 2 309 | 1 871 |
| Reduksjon/(auke) i utlån til kundar | - 4 038 | - 2 873 |
| Av- og nedskrivning | 24 | 39 |
| Nedskrivning på utlån og garantiar | 36 | - 37 |
| Tap/(vinst) avgang varige driftsmidlar | - 9 | 2 |
| Betalt skatt | - 172 | - 120 |
| Andre ikkje kontanttransaksjonar | - 120 | - 163 |
| Justering for andre postar | 111 | 199 |
| A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar | - 1 079 | - 255 |
| Reduksjon/(auke) i aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning | 7 | - 108 |
| Reduksjon/(auke) i plassering i sertifikat og obligasjonar | - 894 | - 106 |
| Investering i varige driftsmidlar, immaterielle eigedelar og goodwill | - 28 | - 35 |
| Sal av varige driftsmidlar | 17 | 1 |
| B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar | - 898 | - 249 |
| Auke/(reduksjon) i lån frå kredittinstitusjonar | 4 | - 1 302 |
| Auke/(reduksjon) i verdipapirgjeld | 2 147 | 2 297 |
| Auke/(reduksjon) i ansvarleg lånekapital | 2 | 0 |
| Auke/(reduksjon) i eigarandelskapital | - 3 | 0 |
| Auke i hybridkapital | 0 | 0 |
| Utbytte og gåveutbetalingar | - 179 | - 122 |
| C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar | 1 970 | 872 |
| D) Netto endring likvidar i året (A+B+C) | - 6 | 368 |
| Likviditetsbeholdning inngåande beholdning | 739 | 371 |
| Likviditetsbeholdning utgåande beholdning | 733 | 739 |
| Spesifikasjon av likviditetsbeholdning | | |
| Kontantar og kontantekvivalentar | 19 | 22 |
| Innskot i andre finansinstitusjonar og sentralbankar | 714 | 717 |
| Sum | 733 | 739 |

Eigenkapitaloppstilling konsern

EIGARANDELSKAPITAL

| | Eigen- kapital- bevis | Ut- javn- ings- fond | Eigne eigen- kapital- bevis | Over- kurs | Grunn- fonds- kapital | Hybrid- kapital | Fond for ureali- sert vinst | Annan eigen- kapital | Avsett utbytte og gåver | Sum |
|--|-----------------------------|-------------------------------|--------------------------------------|---------------|-----------------------------|--------------------|---|----------------------------|----------------------------------|--------------|
| Balanse 31.12.20 | 1 948 | 2 175 | 0 | 16 | 593 | 350 | 354 | 163 | 129 | 5 727 |
| Vedteken utdeling av utbytte og gåver | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - 129 | - 129 |
| Endring hybridkapital | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renter hybridkapital- investorar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - 15 | 0 | 0 | 0 | - 15 |
| Resultat for perioden med foreslått disponering | 0 | 277 | 0 | 0 | 53 | 15 | 100 | 33 | 187 | 666 |
| Andre innrekna inntekter og kostnader | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Balanse 31.12.21 | 1 948 | 2 452 | 0 | 16 | 645 | 350 | 454 | 196 | 187 | 6 249 |
| Balanse 31.12.21 | 1 948 | 2 452 | 0 | 16 | 645 | 350 | 454 | 196 | 187 | 6 249 |
| Vedteken utdeling av utbytte og gåver | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - 187 | - 187 |
| Endring hybridkapital | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renter hybridkapital- investorar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - 16 | 0 | 0 | 0 | - 16 |
| Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis | 0 | 0 | - 3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - 3 |
| Resultat for perioden med foreslått disponering | 0 | 237 | 0 | 0 | 55 | 16 | 115 | - 69 | 248 | 602 |
| Andre innrekna inntekter og kostnader | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Balanse 31.12.22 | 1 948 | 2 689 | - 3 | 16 | 700 | 350 | 569 | 127 | 248 | 6 645 |

Eigenkapitaloppstilling konsern, framhald

Forklaringa av dei ulike eigenkapitalsfonda:

Eigarandelskapital

Eigarandelskapital omfattar kapital som etter vedtektene er knytt til eigenkapitalbevis. Eigarandelskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av utbytte og forholdmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar blir tilført utjamningsfondet i forhold til eigarbrøken. Utjamningsfondet kan nyttast til å oppretthalde utbytte til eigarandelbeviseigarane, når det er forsvarleg å dele ut utifrå eigenkapitalsituasjonen.

Grunnfondskapital

Grunnfondskapital omfattar kapital som ikkje er eigarandelskapital. Grunnfondskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av avsetning til gåver og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført grunnfondskapitalen.

Hybridkapital

Hybridkapital omfattar fondsobligasjon som tilfredstiller krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, i forhold til kapitaldekningsreglane. Renter for hybridkapitalen blir fordelt på utjamningsfondet og grunnfondskapitalen etter eigarbrøken og i praksis disponert saman med resultatet.

Fond for urealisert vinst

Fond for urealisert vinst elles betår av urealisert vinst frå finansielle instrument, der det er ulik verdivurdering mellom IFRS og norske rekneskapsreglar. Mellom anna er urealisert vinst frå aksjar inkludert her.

Annan eigenkapital

Annan eigenkapital består av opptent overskot frå ulike dotterselskap og udisponert resultat.

Utbytte og gåver

Forslag til utbytte og gåver står som ein del av eigenkapitalen inntil dei er vedtekne av Generalforsamlinga.

Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

GRUNNLAG FOR PRESENTASJON

Morbank- og konsernrekneskapen for Sparebanken Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS). Delårsrekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering». Alle tal er oppgitt i mill. kr, dersom ikkje anna er oppgitt.

GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2021, for Sparebanken Sogn og Fjordane på banken sine nettsider: www.ssf.no.

ENDRINGAR I REKNESKAPSSTANDARDAR

Det er ikkje endringar i rekneskapsstandardar eller tolkingar i 2022, som har fått effekt for rekneskapen til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Note 2 Segmentrapportering

Geografiske segment

Alle segment opererer i Norge.

Allmenn informasjon om segment

Segmenta er gruppert slik som føretaket er organisert.

Finans

- Har ansvar for finansiering og likviditetsstyring

Bedriftsmarknad/offentleg/finans

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til små og mellomstore bedrifter, offentleg sektor og finansiell sektor

Privatmarknad inkl. Bustadkreditt

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til privatkundar

Andre

- Består av leveransar av tenester til m.a. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og forvaltning av enkelte eigedomar

Eigedomsmekling

- Tilbyr meklingstenester ved kjøp og sal av eigedomar

Bankeigedom

- Forvaltar dei største eigedomane til konsernet

Note 2 Segmentrapportering, framhald

| | Sum | Finans | Bedrifts- marknad/ Off./Fin. | Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt | Andre | Eige- doms- mekling | Bank- eige- dom | Elimi- nerte postar |
|---|---------------|---------------|------------------------------------|---|------------|---------------------------|-----------------------|---------------------------|
| RESULTAT 31.12.22 | | | | | | | | |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | 1 148 | 8 | 477 | 662 | - 1 | 0 | 0 | 0 |
| Netto andre driftsinntekter | 167 | - 15 | 58 | 100 | 4 | 30 | 8 | - 19 |
| Sum driftsinntekter | 1 314 | - 6 | 535 | 762 | 4 | 30 | 8 | - 19 |
| Driftskostnader | 499 | 16 | 152 | 308 | 11 | 33 | - 6 | - 15 |
| Resultat før nedskrivning på utlån | 815 | - 23 | 383 | 455 | - 8 | - 3 | 15 | - 3 |
| Netto vinst på varige driftsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nedskrivning på utlån og garantiar | 36 | 0 | 19 | 17 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | 779 | - 23 | 364 | 438 | - 8 | - 3 | 15 | - 3 |
| BALANSE 31.12.22 | | | | | | | | |
| Netto utlån til og krav på kundar | 61 184 | 0 | 14 703 | 46 486 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre egedelar | 9 640 | 10 388 | 2 106 | 4 203 | 0 | 20 | 54 | - 7 132 |
| Sum egedelar | 70 824 | 10 388 | 16 809 | 50 689 | 0 | 21 | 54 | - 7 132 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 34 846 | 0 | 14 110 | 20 760 | 0 | 0 | 0 | - 23 |
| Anna gjeld | 29 332 | 7 829 | 219 | 26 167 | 0 | 10 | 8 | - 4 897 |
| Eigenkapital (inkl. resultat for perioden) | 6 645 | 2 559 | 2 480 | 3 763 | 0 | 11 | 45 | - 2 212 |
| Sum gjeld og eigenkapital | 70 824 | 10 388 | 16 809 | 50 689 | 0 | 21 | 54 | - 7 132 |

| | Sum | Finans | Bedrifts- marknad/ Off./ Fin. | Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt | Andre | Eige- doms- mekling | Bank- eige- dom | Elimi- nerte postar |
|---|---------------|---------------|--|---|------------|---------------------------|-----------------------|---------------------------|
| RESULTAT 31.12.21 | | | | | | | | |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | 945 | - 8 | 373 | 580 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto andre driftsinntekter | 329 | 156 | 57 | 88 | 4 | 33 | 8 | - 17 |
| Sum driftsinntekter | 1 274 | 148 | 429 | 668 | 4 | 33 | 8 | - 17 |
| Driftskostnader | 483 | 14 | 147 | 293 | 11 | 31 | 3 | - 16 |
| Resultat før nedskrivning på utlån | 791 | 134 | 283 | 375 | - 7 | 2 | 5 | - 1 |
| Netto vinst på varige driftsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nedskrivning på utlån og garantiar | -37 | 0 | - 40 | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | 827 | 134 | 323 | 372 | - 7 | 2 | 5 | - 1 |
| BALANSE 31.12.21 | | | | | | | | |
| Netto utlån til og krav på kundar | 57 344 | 0 | 13 647 | 43 697 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre egedelar | 8 464 | 11 408 | 1 296 | 1 437 | 0 | 25 | 51 | - 5 754 |
| Sum egedelar | 65 808 | 11 408 | 14 943 | 45 134 | 0 | 25 | 51 | - 5 754 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 32 536 | 0 | 12 507 | 20 061 | 0 | 0 | 0 | - 32 |
| Anna gjeld | 27 023 | 8 916 | 163 | 21 841 | 0 | 8 | 8 | - 3 913 |
| Eigenkapital (inkl. resultat for perioden) | 6 249 | 2 492 | 2 273 | 3 232 | 0 | 17 | 43 | - 1 808 |
| Sum gjeld og eigenkapital | 65 808 | 11 408 | 14 943 | 45 134 | 0 | 25 | 51 | - 5 754 |

Note 3 Andre driftsinntekter

| | | |
|---|-----------------|-----------------|
| NETTO PROVISJONSINNTEKTER | 31.12.22 | 31.12.21 |
| Betalingsformidling | 78 | 65 |
| Verdipapiromsetnad | 27 | 26 |
| Garantiprovisjon | 13 | 16 |
| Valutaforretningar og utanlandsbetaling | 5 | 5 |
| Forsikringstenester | 24 | 21 |
| Andre provisjonsinntekter | 18 | 16 |
| Sum gebyr og provisjonsinntekter | 166 | 149 |
| Interbankprovisjon | 1 | 1 |
| Betalingsformidling | 25 | 21 |
| Cash back Visa kreditt | 5 | 7 |
| Sum provisjonskostnader | 31 | 28 |
| Netto provisjonsinntekter | 135 | 121 |
| NETTO VINST/TAP PÅ FINANSIELLE INSTRUMENT | | |
| Netto vinst på valuta | 14 | 15 |
| Netto vinst på finansielle derivat | - 174 | - 87 |
| Netto vinst på utlån til verkeleg verdi | - 162 | - 96 |
| Netto vinst på innskot til verkeleg verdi | - 2 | 1 |
| Netto vinst på sertifikat og obligasjonar | - 48 | - 8 |
| Netto vinst på aksjar | 55 | 152 |
| Netto vinst på finansiell gjeld | 317 | 195 |
| Netto vinst på finansielle instrument til verkeleg verdi | 0 | 173 |
| ANDRE INNTEKTER | | |
| Eigedomsinntekter | 1 | 1 |
| Eigedomsmekling | 29 | 33 |
| Andre driftsinntekter | 1 | 2 |
| Sum andre inntekter | 31 | 36 |
| SUM NETTO ANDRE DRIFTSINNTEKTER | 167 | 329 |

Note 4 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar

| | 4. kv. 2022 isolert | 4. kv. 2021 isolert | 2022 | 2021 |
|---|------------------------|------------------------|-----------|-------------|
| Auke/reduksjon i individuell nedskrivning | 2 | - 6 | - 83 | 3 |
| Auke/reduksjon i modellbasert forventa tap | 29 | 3 | 104 | - 53 |
| Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskrivning | 2 | 4 | 18 | 15 |
| Konstaterte tap i perioden utan tidlegare individuelle nedskrivningar | 2 | 0 | 4 | 3 |
| Inngang på tidlegare års konstaterte tap | - 5 | - 1 | - 7 | - 4 |
| Resultat av nedskrivning for perioden | 30 | 1 | 36 | - 37 |

Note 5 Nedskrivning på utlån og eksponeringar

Ved berekning av forventa tap blir låna delt inn i tre trinn i samsvar med krava i IFRS 9. Når eit lån blir innrekna vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gongen, blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning, vil dette overstyre dei modellberekna tapa på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3.

Konsern

2022

| | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
|---|-----------|------------|------------|------------|
| Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.22 | 35 | 69 | 196 | 300 |
| Overføringar til trinn 1 | 5 | - 13 | - 25 | - 34 |
| Overføringar til trinn 2 | - 4 | 46 | - 29 | 14 |
| Overføringar til trinn 3 | 0 | - 1 | 10 | 9 |
| Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt | 26 | 29 | 8 | 63 |
| Finansielle egedelar som er frårekna | - 11 | - 19 | - 60 | - 90 |
| Endring i modell- og makroparametere | 12 | 23 | 3 | 38 |
| Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning | 0 | 0 | - 18 | - 18 |
| Andre endringar | - 6 | 3 | 27 | 24 |
| Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.12.22 | 58 | 136 | 112 | 306 |
| Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.22 | 1 | 3 | 4 | 8 |
| Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.22 | 59 | 139 | 116 | 314 |
| <i>Herav til personmarknad</i> | <i>11</i> | <i>20</i> | <i>19</i> | <i>49</i> |
| <i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i> | <i>48</i> | <i>119</i> | <i>97</i> | <i>265</i> |
| | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
| Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.22 | 4 | 9 | 3 | 15 |
| Endring i perioden | 8 | - 1 | - 2 | 5 |
| Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.22 | 12 | 8 | 1 | 20 |
| <i>Herav til personmarknad</i> | <i>1</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>1</i> |
| <i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i> | <i>11</i> | <i>8</i> | <i>1</i> | <i>19</i> |

Note 5 Nedskrivning på utlån og eksponeringar, framhald

| 2021 | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
|--|-----------|------------|------------|------------|
| Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.21 | 42 | 123 | 179 | 344 |
| Overføringar til trinn 1 | 2 | - 25 | - 2 | - 25 |
| Overføringar til trinn 2 | - 4 | 14 | - 4 | 7 |
| Overføringar til trinn 3 | - 1 | - 9 | 72 | 62 |
| Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt | 14 | 27 | 28 | 69 |
| Finansielle egedelar som er frårekna | - 12 | - 53 | - 42 | - 107 |
| Endring i modell- og makroparametere | 1 | 1 | 0 | 2 |
| Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning | 0 | 0 | - 15 | - 15 |
| Andre endringar | - 7 | - 10 | - 21 | - 37 |
| Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.12.21 | 35 | 69 | 196 | 300 |
| Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.21 | 1 | 2 | 5 | 7 |
| Nedskrivning på utlån pr. 31.12.21 | 36 | 71 | 200 | 307 |
| <i>Herav til personmarknad</i> | 7 | 8 | 21 | 35 |
| <i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i> | 30 | 63 | 179 | 272 |
| | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Total |
| Inngående nedskrivning på unyttta kredittar og garantiar pr. 01.01.21 | 6 | 12 | 8 | 25 |
| <i>Endring i perioden</i> | - 2 | - 3 | - 5 | - 10 |
| Nedskrivning på unyttta kredittar og garantiar pr. 31.12.21 | 4 | 9 | 3 | 15 |
| <i>Herav til personmarknad</i> | 1 | 0 | 0 | 1 |
| <i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i> | 3 | 9 | 2 | 14 |

Framtidig scenario i modell for nedskrivning etter IFRS9

Nedskrivningar skal ifølge IFRS9-regelverket ta inn forventning om framtidig utvikling i mislighald og tap. Banken brukte i 2018 og 2019 ein statistisk modell for å beskrive samanhengen mellom venta utvikling i makroøkonomiske parametrar og framtidig mislighaldsnivå i banken. Koronapandemien førte til så store svingingar i makroøkonomiske variablar som inngår som forklaringsvariablar i modellen, at modellen ikkje lenger var egna til å predikere framtidig misleghald. Det er difor gjort kvalitative vurderingar av forventa utvikling i mislighaldsnivå og bustadpriser 5 år fram i tid med bakgrunn i utsikter i Norges Banks Pengepolitiske rapport og anslag fra SSB. Forventa tap blir berekna ved ei vekting av tapsresultatet frå 3 ulike scenario, sjå under.

